

Fra: Erlend Trones[Erlend.Trones@kartverket.no]
Sendt: 30.06.2023 12:01:58
Til: Gol kommune postmottak[postmottak@gol.kommune.no]
Kopi: Post Språkrådet[post@sprakradet.no];
Tittel: 23/06930-2 - Tilråding – Åsgårdvegen, Hølstølvegen mfl. – Gol kommune

Hei

Me syner til brev frå Gol kommune til Språkrådet dagsett 21.06.2023, ref. 2021/4756-16, og Språkrådet si tilråding dagsett 29.06.2023.

Kartverket stiller seg bak Språkrådet si tilråding. Sidan dei fleste på Gol truleg ville forbinda *Åsgardsvegen* med bygda *Åsgardan*, ville det nok vera best om kommunen ikkje brukar dette namnet på den aktuelle adresseparsellen, jf. § 51 fyrste ledd fyrste punktum i matrikkelforskrifta: «Kommunen skal tildele alle gater, veger, stier, plasser og områder som blir brukt til offisiell adressering, et navn som er entydig innenfor kommunen.»

Kartverket har no gått bort frå praksisen med å be kommunane setja adresseringa på vent til primærnamnsaka er ferdig når det vert reist namnesak for primærnamnet. Dersom de skulle velja å bruka same namnet som Nord-Aurdal kommune har brukt på sin del av vegen, noko som verkar tilrådeleg, har de i so fall høve til å nytta framgangsmåten med mellombelse adressenamn beskriven i kap. 6.6, andre avsnitt, i Adresserettleiaren fram til namnesaka for *Spekebakk/Spikjibakk* er ferdig.

Proessen i kommunen kan potensielt gjerast i to steg i denne saka, der de avgjer *namnevalet* i fyrste omgang, og deretter (viss de vel *Spekebakk/Spikjibakk*) avgjer *skrivemåten* etter at namnesaka er ferdig. Me vil gjerne ha melding om namnevalet frå kommunen når det er gjort.

Kartverket vil senda ut høyringsbrev i saka om *Spekebakk/Spikjibakk* i dag. Gol kommune vil få kopi av brevet, som de må kunngjera saka for relevante høyringspartar på Gol.

Med venleg helsing



Erlend Trones
namneansvarleg
Eigedomsdivisjonen
Tlf.: 32 11 86 43
E-post: post@kartverket.no



-----Opprinnelig melding-----

Fra: Line Lysaker Heinesen <line.heinesen@sprakradet.no>

Sendt: torsdag 29. juni 2023 11:39

Til: Kartverket - Post <post@kartverket.no>

Emne: Gol kommune – Åsgårdvegen, Hølstølvegen mfl. – tilråding

VARSEL: Avsenderen er fra utenfra organisasjonen. Vær trygg på innholdet før du trykker på linker eller åpner vedlegg. Er du i tvil tar du kontakt med IT Servicedesk.

Se vedlagte saksdokumenter.

Sjå dei vedlagde saksdokumenta.